

DETTE ER

Dette er ei gammal soge, dette er ein gammal draum  
Men når draumar kjem til live, kverv dei bort i vind og straum

Skulle gjere vin av vatn, skulle gjere blod av vin  
Men når blodet blir til flammar, stengjer røyken vegen inn

Skulle gjere lauv av tornar, skulle gjere song av gråt  
Men når songen blir til stormkast, finst det ingen bergingsbåt

Skulle rope ut frå tindar, ikkje gi oss stein for brød  
Men når orda blir til dagar, sit vi att med liv og død

Dette er ei gammal soge, dette er ein gammal draum  
Men når draumar kjem til live, kverv dei bort i vind og straum

og2013